



Kjersti Linn Bakke Hopland  
Ikeland 55  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5863 - 20/17786

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
02.04.2020

## Attendemelding på førespurnad om rettleiing i høve mellombels bruksløyve - GBNR 168/3 Eikeland søndre

**Tiltakshavar:** Kjersti Linn Bakke Hopland

Vi viser til dykkar epost datert 21.02.2020. Som ein følgje av kommunesamanslåinga har vi dessverre stort etterslep på handsaming av henvendingar, vi seier oss lei for eventuelle ulempe dette har medført dykk.

Henvendinga gjels rettleiing med omsyn til å søke om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Vi har sett over vedtaka gjeve i historisk sak 18/2064, innlimt under:

### **Administrativt vedtak saknr. 146/19, datert 07.03.2019:**

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad og bygning for produksjon av gardsmat på eigedom gbnr. 168/3 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD10N GRP før utsleppet vert ført til jordbruksgrøft.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 10 pe.
3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13 eller Lindås kommune si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

**Administrativt vedtak saknr. 148/19, datert 07.03.2019:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 jf. § 20-4 bokstav e vert det gjeve løyve til riving av eksisterande uthus med bygningsid.: 23988518 på eigedom gbnr. 168/3, bygget er oppgjeve å ha eit bygd areal (BYA) på om lag 60 m<sup>2</sup>. Rivingsløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Alt avfall som arbeidet medfører skal leverast til godkjend deponi.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 jf. § 20-4 bokstav b vert det gjeve løyve til oppføring av driftsbygning, bygg for vidareforelding av gardsmat på eigedom gbnr. 168/3. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.12.17, dagsett 29.06.18, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve sak 18/2064, administrativt vedtak saknr. 146/19 datert 07.03.19 og situasjonsplan datert 07.12.17 dagsett 29.01.19. Utsleppsløyve gjeld 10 pe.
3. Private servituttar og rettar skal ikkje verte skadelidande som følgje av tiltaket.

Før det kan etablerast minireinseanlegg må det søkjast om og ligge føre løyve til etablering av minireinseanlegg. Etablering av minireinseanlegg er søknadspliktig og må søkjast om av rørleggjarføretak. Det må sendast inn søknad om løyve til etablering av minireinseanlegg, gjennomføringsplan og erklæring om ansvar for prosjektering og utførsle av arbeidet.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for minireinseanlegget.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Det er gjeve vedtak etter forureiningslova som gjev dykk utsleppsløyve, samt løyve til riving av gammalt bygg og etablering av nytt bygg.

Av begge vedtaka går det fram at de må søkjast om løyve til etablering av reinseanlegg, det er og opplyst at slik søkna må leverast inn av rørleggjarføretak.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke slik søknad frå rørleggjar. De kan ikkje søkje som sjølvbygger for etablering av reinseanlegg.

Innan de kan søkje om mellombels bruksløyve/ferdigattest må det ligge føre løyve til etablering av reinseanlegg etter plan- og bygningslova, samt ferdigattest for etablering av reinseanlegg. Søknad om etablering av reinseanlegg og påfølgjande søknad om ferdigattest for etablering av reinseanlegg skal leverast inn av rørleggjarføretak.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5863**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Historisk dokument - Tillatelse til utslipp av avløpsvann frå minirensanlegg - gbnr 168/3 Eikeland  
søndre

Historisk dokument - Løyve til etablering av driftsbygning for produksjonslokale for gardsmat - gbnr  
168/3 Eikeland søndre

**Kopi til:**

Kjersti Linn Bakke Hopland	Ikeland 55	5912	SEIM
----------------------------	------------	------	------

**Mottakarar:**

Kjersti Linn Bakke Hopland	Ikeland 55	5912	SEIM
----------------------------	------------	------	------